



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

---

Dato:	15.02.2017
Arkivsak	16/00023
Dokumentnummer:	16/00023-003
Arkivkode:	002.2
Saksbehandler:	Kari Torland

---

Saksnr	Sak	Møtedato
010/17	Høring - ordning for utpeiking av biskoper	21.02.2017

---

## Høringsuttale frå Nærbø sokneråd

Det skal vedtakast ny ordning for utpeiking av biskopar i Norge. Eit omfattande høyringsnotat er sendt ut, m.a. til alle sokna i Norge. Høyringsfrist er 15. mars.

Ein sær viktig grunn for oss til å gi høyringsuttale er den nære erfaringa me har med dagens ordning, nemleg med utpeikinga av ny biskop i Stavanger bispedømme, gjennom nominasjon, rådgjevande røysting og tilsetting i Kyrkjerådet.

## Høyringsnotatet er omfattande.

Høyringsnotatet presenterer i utgangspunktet 4 modellar for ny ordning:

- 1) Vidareføring av dagens ordning, eventuelt med små justeringar.
- 2) Dagens ordning for nominasjon og stemmeprosedyre vert vidareført, men tilsettinga skal gjerast av eit **eige organ for tilsetting** av biskopar.
- 3) Det vert innført ei rein valordning for biskopar.
- 4) Bispestillingar vert lyst ut og tilsett etter same prosedyre som andre stillingar, utan ein stemmeprosedyre i forkant.

Høyringsnotatet vurderer modell 4) som uaktuell, og går berre vidare med modell 1) til 3). Siste del av notatet er forslag til fullstendige reglar for utpeiking av biskopar for alle tre modellar.

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 at det ”*anså en valgordning som den mest tjenlige fremgangsmåte for å utpeke biskoper i Den norske kirke*”. Gjeldande ordning er ein kombinasjon av ei rådgjevande votering og tilsetting i Kyrkjerådet. Avgrensingar i Tjenestemannsloven vart vurdert som eit hinder for å gå over til ei rein valordning. Biskopane er frå 1. januar 2017 ikkje lenger embetsmenn.

Høyringsnotatet (s. 3) meiner at utforming av ei ordning for utpeiking av biskopar bør:

- mogleggjera brei nominasjon av kandidatar
- sikre både brei demokratisk påverknad og kvalifisert vurdering av kandidatane i prosessen
- ivareta omsynet til både bispedømmets ønske og heilskaps-kyrkjelege omsyn
- sikra ein rimeleg balanse mellom den vigsla teneste og valte rådsmedlemmar

Notatet (s. 6) peikar også på hovudtrekk ved Den norske kyrkja si forståing av bispetenesta:

- ha tilsyn med sokna
- ordinasjon og tilsyn med den vigsla tenesta i sokna



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

- å ta vare på einskapen i kyrkja
- gjennom sin pastorale teneste og sitt tilsyn er biskopen tradisjonsberar og har læreansvar i kyrkja

## **Historisk oversyn. Gjeldande ordning i Norge og andre land.**

Høyringsnotatet gir både eit historisk oversyn over utviklinga når det gjeld utpeiking av nye biskopar og ei grundig utgreiing av gjeldande ordning i Norge.

Notatet nemner også at det i andre lutherske kyrkjer i dag er vanleg å utpeika biskopar ved val. Det er to hovudmodellar: Ein skandinavisk modell der biskopen blir valt av eit valkollegium av prestar og representantar for sokna i bispedømmet der biskopen skal gjera teneste; og ein synodalvalmodell utbreitt i lutherske kyrkjer i Tyskland og andre delar av verda, der biskopen blir valt av synodale organ på gjeldande nivå (regionalt, delstats- eller nasjonalt nivå).

Kyrkjemøtet i 2007 meinte at ei valordning var den mest tenlege framgangsmåten for å utpeika biskopar i Den norske kyrkja. Kyrkjerådet i 2015 meinte at det var mest aktuelt å vidareføra dagens ordning, eller at det vart ført inn ei rein valordning. Ei ordning med eit særskilt tilsettingsorgan er heller ikkje vanleg i andre kyrkjer.

I gjeldande ordning kan avtroppande biskop ha stor innverknad på valet av etterfølgjaren sin sidan han både deltek på nominasjonsmøtet i bispedømmerådet og gjennom uttalen sin som biskop.

Høyringsnotatet drøftar også utpeiking av preses. Bispemøtet vert leia av preses. Fram til 2011 blei preses valt av og blant dei tenestegjerande biskopane for ein periode på fire år. I gjeldande ordning er det Kyrkjerådet som tilset preses etter nominasjon og rådgjevande røysting i bispedømmeråda, og tilsette og sokneråda i Nidaros domprosti. Preses har domprostiet som sitt tilsynsområde.)

## **Kva er viktigast?**

I § 2 i Kyrkjelova står det: ”Soknet er den grunnleggjande enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne”.

Samla utgjer sokna Den norske kyrkje. Som nemnt ovanfor er den primære bispetenesta i bispedømmet og kyrkja å ha tilsyn med sokna. Det er derfor avgjerande at ordninga for utpeiking av biskop i bispedømme gir reell og avgjerande innverknad til lokale interesser, d.v.s. sokna, prestane og andre tilsette med røyserverett i bispedømmet. Siste utpeiking av biskop i Stavanger og diskusjon i ettertid gir grunn til uro og til å meina at dagens praksis med rådgjevande røysting undergrev lokaldemokratiet og demokratiet generelt i kyrkja. Ordningar med omfattande, rådgjevande røysting står i fare for å bli grunnleggjande svekka om ein ikkje tek omsyn til desse.

Som nemnt ovanfor understreker høyringsnotatet at ein også må ta heilskaps, kyrkjelege omsyn og ta vare på einskapen i kyrkja. Det er sant, men kva betyr det? Eit avgjerande vilkår for einskap (enhet) og ikkje splittelse er at ein er samde om basis i bibel og vedkjenningskrift. Ein biskop som sokna, prestane og dei andre som røystar i bispedømmet er grunnleggjande usamd med, skaper ikkje einskap. Tek ein då heilskaps-kyrkjelege omsyn?

## **Vedtak**

**Nærbø sokneråd støttar ein modell med rein valordning for utpeiking av biskop.**



# DEN NORSKE KYRKJA

Nærbø sokneråd

Nærbø sokneråd meiner at den beste valordninga er den som peikar ut ein biskop som sokna, prestane og tilsette med røysterett i bispedømmet ynskjer (modifisert modell av forslag 3).

Denne valordninga:

- tek § 2 i Kyrkjelova på alvor: ”*Soknet er den grunnleggende enhet i Den norske kirke og kan ikke løses fra denne*”.
- er demokratisk, og i samsvar med ordningane i europeiske og nordiske kyrkjer.
- ein brei nominasjon og kvalifisert vurdering av kandidatar blir ivaretatt i nominasjonsprosessen av bispedømmerådet.
- tek i vare dei fire hovudelementa i bispetenesta slik det går fram på side 6 i høyringsnotatet.
- ivaretek einskap i sokn og bispedømme. Det blir heller ikkje svekka i Den norske kyrkje.
- er i samsvar med tidlegare kyrkjemøte sitt syn.

Dersom ei valordning med røysterett berre i bispedømmet som Nærbø sokneråd primært går for, ikkje blir realisert, støttar Nærbø sokneråd sekundært ei valordning gjort greie for i modell 3).